

OSTERØY BRUSELSKAP A/S
Styret
5282 Lonevåg
Tlf. 56192122 - fax 56192101

TIL AKSJONÆRANE

Lonevåg, 30.04.14

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING

Det vert med dette kalla inn til generalforsamling i Osterøy Bruselskap A/S

torsdag 22.05.14, kl. 09.00

Møtestad: **Osterøy rådhus, Lonevåg**

I samsvar med vedtektene skal generalforsamlinga behandla følgjande saker:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste.
2. Registrering av frammøte/fullmakter.
3. Val av møteleiar, referent og ein person til å skriva under protokollen saman med møteleiar.
4. Styret si årsmelding for 2013.
5. Årsrekneskap for 2013 med revisor si melding.
6. Budsjett for 2014.
7. Godtgjersle til revisor for 2013
8. Godtgjersle til styret sine medlemmer og varamedlemmer m. fl.
09. Val av styremedlemmer og varamedlemmer.
10. Andre saker som måtte vera melde innan 14 dagar før generalforsamlinga vert halde.

Birger Skår
styreleiar

Bente Skjerpning
Bente Skjerpning
Styresekretær

**SAKSLISTE MED SAKSORIENTERING TIL GENERALFORSAMLINGA
22.05.14**

- SAK 01 - GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
- SAK 02 - REGISTRERING AV FRAMMØTE/FULLMAKTER
- SAK 03 - VAL AV MØTELEIAR, REFERENT OG EIN PERSON TIL Å
SKRIVA UNDER PROTOKOLLEN SAMAN MED
MØTELEIAR
- SAK 04 - STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2013
Det vert vist til vedlagde årsmelding.
- SAK 05 - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2013 MED REVISOR SI MELDING
Styret rår til at den framlagde rekneskapen vert fastsett som
selskapet sin rekneskap for 2013.
- SAK 06 - BUDSJETT FOR 2014
Ein viser til vedlagde budsjett, vedteke i styremøtet 11.02.14.
- SAK 07 - GODTGJERSLE TIL REVISOR
For 2013 er det kostnadsført revisjonshonorar med kr 23.750,- til
Acceptor Revisjon AS. Styret vedtok i møtet 24.04.14 samrøystes å
tilrå kostnadsført revisjonshonorar vert fastsett som godtgjersle for
2013.
- SAK 08 - GODTGJERSLE TIL STYREMEDLEMMER OG
VARAMEDLEMMER M.FL.
Styret har i møtet 24.04.14 samrøystes tilrådd slike godtgjersler for
2013 fram til generalforsamlinga.

Leiar	kr 30.000,-	med tillegg av møtegodtgjersle
Nestleiar	kr 15.000,-	med tillegg av møtegodtgjersle
Medlem	kr 5.000,-	med tillegg av møtegodtgjersle
Varamedlem	kr 1.500,-	pr. møte
Øk.kons. E. Eriksen	kr 50.000,-	med tillegg av møtegodtgjersle
Styresekretær	kr 20.000,-	pr. år.

Styret sitt forslag inneber ingen endringar i gjeldande satsar for
honorar og møtegodtgjersle.

SAK 09 - VAL AV STYREMEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER,
LEIAR OG NESTLEIAR

Styret er no slik samansett:

Frå Osterøy kommune

Birger Skår, leiar	2013/2014
Vara: Ingemar Tepstad	2013/2014
Erling Raknes, nestleiar	2012/2013
Vara: Jorunn S. Holsen	2012/2013
Frida Sofie Borge	2012/2013
Vara: Ragnar J. Tyssebotn	2012/2013
Kari Foseid Aakre	2013/2014
Vara: Terje Rosnes	2013/2014
Terje Raknes	2013/2014
Vara: Arne Dag Kleiveland	2013/2014

Frå Bergen kommune

Ingmar Ljones	2012/2013
Vara: Elisabeth Sævik	2013

**Frå Hordaland
fylkeskommune**

Inger Ulvund	2012/2013
Vara: Tom Skauge	2012/2013

Etter dette står følgjande på val:

Erling Raknes med vara Jorunn S. Holsen
Frida Sofie Borge med vara Ragnar J. Tyssebotn
Ingmar Ljones med vara Elisabeth Sævik
Inger Ulvund med vara Tom Skauge

Valperiode: 2014/2015.

I samsvar med vedtektene skal generalforsamlinga og velja leiar og nestleiar i styret fram til neste generalforsamling.


SAK 10 - ANDRE SAKER
Det er til no ikkje meld inn saker under dette punktet.

Lonevåg, 30.04.14


Bente Skjærping
styresekretær

OSTERØY BRUSELSKAP A/S

ÅRSMELDING 2013



STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2013

FØREMÅL:

Osterøy Bruselskap vart skipa 28.11.87 og har forretningslokale i Lonevåg, Osterøy. Selskapet sitt føremål er:

”Å arbeida for realisering av planane om brusamband Kvisti – Herland med tilstøytande vegsamband.”

Prosjekt

Osterøybrua vart opna i oktober 1997 og deretter følgde Tirsåstunnelen (1998), Hannisdalslina (2002) og til slutt ny FV 567 Hauge – Lonevåg i november 2011.



Frå opninga av Borgatunnelen 2011. Foto: Hordaland fylkeskommune

ORGANISASJON:

Styret i selskapet har etter generalforsamlinga i 2013 hatt slik samansetjing:

Frå Osterøy kommune

Birger Skår, leiar	vara: Ingemar Tepstad
Erling Raknes, nestleiar	vara: Jorunn S. Holsen
Ordførar Kari Foseid Aakre	vara: Terje Rosnes
Terje Raknes	vara: Arne Dag Kleiveland
Frida Sofie Borge	vara: Ragnar J. Tyssebotn

Frå Bergen kommune

Ingmar Ljones	vara: Elisabeth N. Sævik
---------------	--------------------------

Frå Hordaland fylkeskommune

Inger Ulvund	vara: Tom Skauge
--------------	------------------

Revisor	Acceptor Revisjon AS
Styresekretær:	Bente Skjerping
Økon.rådgjevar	Erik Eriksen, Bergen
Rekneskapsførar:	Visma Services Norge AS

ADMINISTRASJON/DAGLEG LEIING:

Styret har etter søknad fått forlenga avtalen med Osterøy kommune om leige av sekretærtjenester. Bente Skjerping har framleis ansvaret for dette arbeidet for styret ut året 2014. Erik Eriksen, Bergen, har hatt ansvaret for budsjett, budsjetttrapportering og låneavtalar for selskapet. Selskapet har ingen tilsette, og alt administrativt arbeid vert utført av styreleiar og/eller ved innleigd sekretær-/konsulenthjelp.

Styret har frå 2009 hatt avtale med Visma Services Norge AS om rekneskapsføring og årsoppgjerd. Acceptor Revisjon AS har revisjonen for selskapet.

BOMPENGEINNKREVJING:

Autopass vart innført frå 11.06.07 og innkrevjinga vart då heilautomatisk. Avtale med Bro og Tunnelselskapet AS og med Bergen bompengeselskap, Bergensringen for Osterøybrua, vart inngått på førehand. Bro og Tunnelselskapet AS, no B & T Signaal AS har så langt hatt kontrakt på innkrevjing og drift. Dersom det etter anbod vert inngått nye avtalar på driftssida, vil bomstasjonen på Kvisti verta omfatta av desse.

Felleskostnader knytt til drift av AutoPass vert fordelt på bompengeselskapa i hovudsak på grunnlag av trafikktalet gjennom stasjonen. Osterøybrua inngår i Bergensringen og får dermed del i "stordriftsfordelane" denne har. Vegdirektoratet arbeider f.t. med ny IKT-løysing for perioden 2015 – 2019 som skal erstatta dagens sentralsystem. Sentralsystemet er pålagt frå Vegdirektoratet og skal implementerast i alle bompengeanlegg.

ARBEIDSMILJØ:

Etter overgang til Autopass er det ingen tilsette i bomstasjonen. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2013.

DET YTRE MILJØET

Selskapet si verksemd ureinar ikkje det ytre miljøet. Det er Statens vegvesen som er byggherre for prosjektet og som er ansvarleg for drift og vedlikehald av bru og tilførselsvegar.

LIKESTILLING

Selskapet har ingen tilsette. Styret er samansett av 4 menn og 3 kvinner.

TRAFIKKUTVIKLING:

Periode	trafikk ¹	trafikk/døgn	auke	Inntekter i 1000 kr	auke	Inntekt/bil
1999	569.555	1560		24.931		43,77
2000	594.162	1627	4,3%	25.623	2,8%	43,13
2001	631.524	1730	6,3%	26.888*	4,9%	42,57
2002	671.077	1838	6,3%	28.350	5,4%	42,25
2003	737.485	2020	9,9%	30.552	7,7%	41,42
2004	773.781	2119	4,9%	32.118	5,1%	41,50
2005	806.462	2209	4,2%	34.958	8,8%	43,34
2006	850.731	2330	5,5%	39.405	12,7%	46,32
2007	919.610	2519	8,1%	36.108**	- 8,4%	39,27
2008 ¹	936.760	2566	1,8%	41.011***	13,6%	43,78
2009 ²	990.564	2714	1,9%	46.412	13,2%	46,85
2010 ³	1.012.069	2773	2,1%	45.808	- 1,3%	45,26
2011 ⁴	1.068.987	2929	5,6%	50.064	9,2%	46,83
2012 ⁵	1.096.539	3004	2,5%	49.673	-0,8%	45,30
2013 ⁶	1.120.618	3070	2,2%	50.212	1,1%	44,80

*Summen er eksklusiv refusjon for forskottering til Tirsåstunnelen med kr 38,5 mill.

**I samband med innføring av Autopass frå 11. juni fall inntektene frå passasjerar, bussar i rute, motorsyklar mv. Bort.

***Takstane vart auka frå 01.08.08. For perioden august – desember var gjennomsnittsinntekta pr. bil 48,72.

1. Talet er henta frå rekneskapan for 2008. B & T AS har oppgitt totalt 971294.

2. Talet er henta frå rapport desember 2009 frå B & T AS

3. Talet er henta frå rapport desember 2010 frå B & T AS

4. Talet er henta frå rapport desember 2011 frå B & T AS

5. Talet er henta frå rapport desember 2012 frå B & T AS

6. Talet er henta frå rapport desember 2013 frå B & T Signaal AS

Trafikkveksten i 2013 er i samsvar med det som var lagt til grunn i budsjettet (2%). Veksten er høgare enn snittet for landet (1,2%) og for Hordaland fylke (0,8%). Gjennomsnittsinntekt pr. bil har gått noko ned i 2013 og vart kr 44,80 mot kr 45,30 i 2012.

STYRET SITT ARBEID I 2013:

Styret har hatt 6 møte og behandla 23 saker.

Sum administrasjonskostnader utgjorde samla 1,2% av driftsinntektene til selskapet i 2013.

Styret har gjennom året hatt særleg fokus på trafikk- og inntektsutvikling, samt på oppfølging av den langsiktige gjelda.

Pr. 31.12.2013 er langsiktig gjeld finansiert med eit sertifikatlån på kr 67 mill. Styret har sikra kontroll med desse utgiftene gjennom tidlegare rentekjøp. Overskotslikviditet har gjennom året vore plassert på høgrentekonto for å sikra god avkastning med låg risiko.

RESULTAT OG FORTSATT DRIFT

Selskapet hadde i 2013 ein omsetnad på kr 50.212.005 mot kr 49.672.710 i 2012. Årsresultatet viser eit underskot på kr – 39.241.212 mot tilsvarende underskot på kr - 48.362.588 i 2012. Underskotet er eit resultat av høge avskrivningar knytt til vegprosjektet Hauge-Lonevåg.

Selskapet har ikkje skatteplikt.

Eigenkapitalen pr. 31.12.13 er negativ med kr. 3.806.052.

Selskapet vil ikkje evne å nedbetale gjelda som føreset i oktober 2014. Styret vil difor gjere framlegg om å forlengje bompengerperioden ut mars 2015. Endeleg avviklingstidspunkt vil verta klart i løpet av hausten 2014. Det er ikkje venta store endringar i tidspunktet nemnd ovanfor.

I samsvar med Rekneskapslova sin paragraf 3-3 vert det stadfesta at føresetnaden om fortsatt drift, er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Resultatprognosen for 2014 og månadene i 2015 er tilfredsstillande.

Selskapet har ingen pågåande rettssaker.

INVESTERINGAR, LIKVIDITET OG SOLIDITET

Styret har gjennom året hatt kontakt med Statens vegvesen for å få avklart endeleg kostnad med prosjektet Hauge - Lonevåg, og då selskapet sin del av denne. Endeleg kostnad er framleis ikkje klar. Det er ikkje overført midlar til Statens vegvesen i 2013.

Arbeidskapitalen er positiv.

Totalkapitalen pr. 31.12.13 var på kr 63.890.238 mot kr 154.342.651 pr. 31.12.12. Dette gir eigenkapitalandelar på respektive -5,9 % og 22,9 %.

FINANSIELL RISIKO

Variasjon av finansielle marknadsprisar som rente, valuta, råvarepriser og kreditt kan definerast som selskapet sin marknadsrisiko.

Selskapet er ikkje eksponert for endringar i valutakurs då inntektene er i norske kroner. Selskapet har ein låg andel kredittsal og har difor ingen vesentleg risiko knytt til dette området.

Selskapet sin finansielle risiko er knytt til svingingar i renta. Selskapet har ei langsiktig renteberande gjeld pr. 31.12.13 på kr 67 mill. og har nytta kjøp av framtidig rente som aktivt instrument for å eliminera finansiell risiko knytt til den langsiktige gjelda.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR

Framlagt resultat og balanse gir eit godt bilete av drifta gjennom året. Etter det styret kjenner til har det ikkje vore hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som har innverknad på vurderinga av selskapet.

Styret gjer framlegg om følgjande disponering av årsresultatet :

Overført annan eigenkapital	Kr - 39.241.212
Sum disponert	<u>Kr - 39.241.212</u>


Selskapet sin eigenkapital er pr. 31.12.13:


Aksjekapital	Kr 140.000
Annan eigenkapital	Kr - 3.946.052
Sum eigenkapital	<u>Kr - 3.806.052</u>

Styret vil til slutt nytta høvet til å takka for godt samarbeid med eigarar og samarbeidspartar i året som er gått.

Lonevåg, 31.12.13/10.04.14


Styret i Osterøy bruselskap AS





Erling Raknes

nestleiar



Ingmar Ljones

styremedlem



Frida Sofie Borge

styremedlem




Kari Foseid Aakre

styremedlem



Terje Raknes

styremedlem



Inger Ulvund




Birger Skår

styreleiar

OSTERØY BRUSELSKAP A/S

ÅRSREKNESKAP 2013





ÅRSREKNESKAP 2013



ÅRSREKNESKAP 2013

Osterøy Bruselskap A/s

Innhold:

Resultatrekneskap
Balanse
Notar
Kontantstraumanalyse

Resultatrekneskap

Osterøy Bruselskap A/s

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2013	2012
Inntekt brikke		50 212 005	49 672 710
Sum driftsinntekter		50 212 005	49 672 710
Honorar	2	347 664	335 902
Avskrivningar	3	82 932 000	89 115 000
Administrasjonskostnader	2	259 087	257 117
Tap på krav	11	-203 700	-202 300
Annan driftskostnad	4	1 694 739	2 018 776
Sum driftskostnader		85 029 790	91 524 495
Driftsresultat		-34 817 785	-41 851 785
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		354 719	926 893
Annan rentekostnad		4 451 406	6 929 550
Annan finanskostnad		326 740	508 145
Resultat av finanspostar		-4 423 427	-6 510 803
Oridnært resultat før skattekostnad		-39 241 212	-48 362 588
Ordinært resultat		-39 241 212	-48 362 588
		-39 241 212	-48 362 588
Overføring			
Avsett til annan egenkapital		-39 241 212	-48 362 588
Sum overføringar		-39 241 212	-48 362 588

Balanse

Osterøy Bruselskap A/s

Eigedelar	Note	2013	2012
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Innkrevingsrett bompengar	3	58 733 312	141 065 312
Maskinar og anlegg	3	443 000	1 043 000
Sum varige driftsmiddel		59 176 312	142 108 312
Sum anleggsmiddel		59 176 312	142 108 312
Omløpsmiddel			
Krav			
Andre kortsiktige krav	5	178 360	1 549 206
Sum krav		178 360	1 549 206
Bankinnskot, kontantar og liknande		4 535 566	10 685 133
Sum omløpsmiddel		4 713 926	12 234 339
Sum eigedelar		63 890 238	154 342 651

Balanse

Osterøy Bruselskap A/s

Eigenkapital og gjeld	Note	2013	2012
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital (7 aksjer a 20.000)	6, 7	140 000	140 000
Sum innskoten eigenkapital		140 000	140 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	-3 946 052	35 295 159
Sum opptent eigenkapital		-3 946 052	35 295 159
Sum eigenkapital		-3 806 052	35 435 159
Gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8, 9	67 000 000	118 000 000
Sum anna langsiktig gjeld		67 000 000	118 000 000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		352 463	366 750
Anna kortsiktig gjeld	10	343 827	540 741
Sum kortsiktig gjeld		696 290	907 491
Sum gjeld		67 696 290	118 907 491
Sum eigenkapital og gjeld		63 890 238	154 342 651

Osterøy, den , 10.04.2014
Styret i Osterøy Bruselskap A/s

Erling Raknes
Nestleiar

Ingvar Ljones
Styremedlem

Kari Foseid Aakre
Styremedlem

Frida Sofie Borge
Styremedlem

Inger Signe Ulvund
Styremedlem

Teje Raknes
Styremedlem

Birger Skår
Styreleiar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk for små føretak.

Periodisering av inntekter og kostnader
Driftsinntekter er inntektsført i det året dei er opptent.

Klassifisering og vurdering av balansepostar
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfatter postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen.
Øvrige postar er klassifisert som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost.
Langsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført og avskrivne over driftsmidla si levetid dersom desse har levetid over 3 år, og kostpris som overstig kr. 15.000.
Aktivert innkrevingsrett bompengar blir nedskrive med utgangspunkt i opphavelig nedbetalingsplan, og mål om venta nedbetalt gjeld i byrjinga av oktober 2014.

Skatt
Selskapet er ikkje skattepliktig.

Selskapet har ikkje endra rekneskapsprinsipp frå 2012 til 2013

Note 2 Tilsette, ytingar m.m.

Selskapet har ingen tilsette.

Styre	2013	2012
Styrehonorar	110 500	128 500
Rådgeving	77 000	79 000

Beløpa er ekskl.arbeidsgjeveravgift.

Revisjon	2013	2012
Ordinær revisjon	23 750	23 750

Beløpa er inkl.meirverdiavgift.

Leige av arbeidskraft frå Osterøy kommune	2013	2012
Leige arbeidskraft	257 281	252 097

Denne posten er ført under administrasjonskostnader.

Note 3 Anleggsmidler

	Innkrevingsrett bompengar	Maskinar og anlegg	Sum
Anskaffelseskost pr 1.1.2013	460 582 308	4 359 665	464 941 973
+ Tilgang kjøpte anleggsmidler			
= Anskaffelseskost 31.12.2013	460 582 308	4 359 665	464 941 973
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2013	401 848 996	3 916 665	405 765 661
= Av- og nedskrivningar pr. 31.12.2013	401 848 996	3 916 665	405 765 661
Bokført verdi 31.12.2013	58 733 312	443 000	59 176 312
Ordinære avskrivningar i år	82 332 000	600 000	82 932 000
Økonomisk levetid	sjå under	ca. 7 - 8 år	

Innkrevingsrett - bompengar

Innkrevingsretten omfattar anleggskostnader med bygging av bru, tunnel og veg.

Frå og med 2008 er også vegprosjektet Hauge-Lonevåg omfatta av innkrevingsretten.

Aktivert innkrevingsrett bompengar blir nedskrive med utgangspunkt i opphavsleg nedbetalingsplan, og mål om venta nedbetalt gjeld i byrjinga av oktober 2014.

Note 4 Annan driftskostnad

Denne posten inneheld i hovudsak selskapet si drift av Autopass.

Note 5 Andre fordringar

	2013	2012
Mellomværande Bro & Tunnelselskapet AS	378 360	1 749 206
Avsetning for tap	-200 000	-200 000
Sum	178 360	1 549 206

Note 6 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Tal aksjar og pålydande er spesifisert i balansen. Det er berre ein aksjeklasse og alle aksjane har lik stemmerett.

Aksjonærer	Antall aksjar	Eigarandel i %
Osterøy kommune	5	71,4
Bergen kommune	1	14,3
Hordaland Fylkeskommune	1	14,3
SUM	7	100

Kvar aksje har ei røyst.

Sal eller overdraging av aksjar er ikkje gyldig uten styret si godkjenning.

Tidlegare aksjonærar har forkjøpsrett ved aksjeoverdraging til ein pris som ikkje overstig pari kurs.

Note 7 Eigenkapital

	Aksje kapital	Annan Eigenkapital	SUM
Pr. 01.01.2013.	140 000	35 295 159	35 435 159
Frå årets resultat		-39 241 212	-39 241 212
Kapital 31.12.2013	140 000	-3 946 052	-3 806 052

Note 8 Anna langsiktig gjeld

Gjeld som forfell etter regnskapsårets slutt:

	2013	2012
Gjeld til kredittinstitusjonar	67 000 000	118 000 000
Sum	67 000 000	118 000 000
Gjennomsnittlig lånerente	4,81 %	4,78 %

Langsiktig gjeld er finansiert med :

Sertifikatlån pålydande MNOK 67.

Sertifikatlåna her ei løpetid på 6 månader. På fonyingstidspunktet kvar 6.mnd, blir lånerenta fastsett med utgangspunkt i renta i pengemarkedet, i tillegg til den generelle etterspurnaden etter slike sertifikat. Heile lånegjelda i selskapet er sikra ved sjølvskuldnargaranti frå Hordaland Fylkeskommune.

Gjennom avtaler som blir fornya årleg, med DnB NOR om back-stop trekkrettar og sertifikatprogram, har Osterøy Bruselskap AS tilgong til langsiktig finansiering.

Avdragsprofil dei neste 2 åra:

2014	2015
55 000 000	12 000 000

Note 9 Renteswap

Renterisikoen i selskapet er betydeleg. Av den grunn nyttar ein renteswaper som sikkerhetsinstrument for å redusere denne risikoen. Status pr.31.12.13 er som følger.

Lån	Renteswap	Forfallsdato	Markedsrente
67 000 000	50 000 000	31.05.2014 halvårleg	4,82% flytande rente NIBOR 6 mnd

Note 10 Anna kortsiktig gjeld

	2013	2012
Påløpne renter	243 000	440 000
Påløpne kostnader	100 827	100 741
Sum anna kortsiktig gjeld	343 827	540 741

Note 11 Resultatførte tap i året

	2013	2012
Konstaterte tap i året	14 300	14 800
Innkome på tidlegare tapsførte krav	-218 000	-217 100
Sum tap på krav	- 203 700	- 202 300

BUDSJETT 2014

Vedteke : 20.02.14

	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember	2014
Osterøy Brusekskap													
BUDSJETT 2014													
Budsjett antall passeringer	89 932	83 775	91 747	95 613	99 880	102 576	84 194	100 175	100 674	103 166	96 878	94 452	1 143 062
Driftsinntekter													
Bilinntekt	4 046 957	3 769 859	4 128 613	4 302 574	4 494 620	4 615 934	3 788 724	4 507 885	4 530 330	4 642 464	4 359 490	4 250 340	51 437 789
Andre inntekter													
Sum inntekter	4 046 957	3 769 859	4 128 613	4 302 574	4 494 620	4 615 934	3 788 724	4 507 885	4 530 330	4 642 464	4 359 490	4 250 340	51 437 789
Driftskostnader													
Drift Autopass	127 417	127 417	127 417	127 417	127 417	127 417	127 417	127 417	127 417	127 417	127 417	127 417	1 529 000
Andre drift-og vedlikeholdskostnader	0	0	50 000	0	0	50 000	0	0	50 000	0	0	50 000	200 000
Honorarer	10 833	10 833	10 833	10 833	295 833	10 833	10 833	10 833	10 833	10 833	10 833	10 833	415 000
Andre administrasjonskostnader	9 167	9 167	9 167	9 167	9 167	9 167	9 167	9 167	9 167	9 167	9 167	309 167	410 000
Tap på krav	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-120 000
Ordinære avskrivninger	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	3 671 583	44 059 000
Avskrivninger Auto-Pass	27 917	27 917	27 917	27 917	27 917	27 917	27 917	27 917	27 917	27 917	27 917	27 917	335 000
Sum kostnader	3 836 917	3 836 917	3 886 917	3 836 917	4 121 917	3 886 917	3 836 917	3 836 917	3 886 917	3 836 917	3 836 917	4 186 917	46 828 000
Driftsresultat	210 040	-67 058	241 697	465 658	372 703	729 017	-48 193	670 968	643 413	805 547	522 574	63 423	4 609 789
Finansinntekter og finanskostnader													
Renteinntekter	0	0	90 000	0	0	90 000	0	0	90 000	0	0	90 000	360 000
Rentekostnader	243 000	243 000	288 000	243 000	253 000	187 000	142 000	142 000	187 000	142 000	142 000	45 000	2 257 000
Netto finans	-243 000	-243 000	-198 000	-243 000	-253 000	-97 000	-142 000	-142 000	-97 000	-142 000	-142 000	45 000	-1 837 000
Resultat	-32 960	-310 058	43 697	222 658	119 703	632 017	-190 193	528 968	546 413	663 547	380 574	108 423	2 712 789